



Landbruks og matdepartementet
postmottak@lmd.dep.no

Vår ref.
15/584/V62/EAM

Dykkar ref.

Dato:
23.01.2015

Konsesjonslov og buplikt - Spørsmål om oppheving. Uttale frå Haram kommune

Haram kommune har tidlegare sendt inn førebels uttale frå Haram formannskap. Her følger vedteke uttale frå Haram kommunestyre som skulle ettersendast:

Haram kommunestyre har i møte 22.01.15, k.sak 4/15 gitt følgjande uttale:

Haram kommune tilrår at konsesjonslova og dens bestemmelser knytta til erverv av landbrukseigendomar oppretthaldast. Eigar- og bruksstrukturen i landbruket er viktig for framtidig matproduksjon og ein heilheitleg forvaltning av arealressursane. Bestemmelser i plan- og bygningslova og jordlova ivaretek ikkje desse omsyna på same måte.

Haram kommune trur det er betre å tilpasse konsesjonslova til dagens forhold framfor å avskaffe det. Kommunen meiner det er fornuftig med ein gjennomgang og ei tilpassing av lovverket til dagens utfordringar.

Behandling i Kommunestyret den 22.01.2015:

Eivind Davik,SP sette fram rådmannen sitt framlegg slik:

Haram kommune tilrår at konsesjonslova og dens bestemmelser knytta til erverv av landbrukseigendomar oppretthaldast. Eigar- og bruksstrukturen i landbruket er viktig for framtidig matproduksjon og ein heilheitleg forvaltning av arealressursane. Bestemmelser i plan- og bygningslova og jordlova ivaretek ikkje desse omsyna på same måte.

Haram kommune trur det er betre å tilpasse konsesjonslova til dagens forhold framfor å avskaffe det. Kommunen meiner det er fornuftig med ein gjennomgang og ei tilpassing av lovverket til dagens utfordringar.

Ved røysting vart framlegget frå E.Davik vedteke med 16 mot 15 røyster for formannskapet si tilråding.


KS-004/15 Vedtak:

Haram kommune tilrår at konsesjonslova og dens bestemmelser knytta til erverv av landbrukseigendomar oppretthaldast. Eigar- og bruksstrukturen i landbruket er viktig for framtidig matproduksjon og ein heilheitleg forvaltning av arealressursane. Bestemmelser i plan- og bygningslova og jordlova ivaretek ikkje desse omsyna på same måte.

Haram kommune trur det er betre å tilpasse konsesjonslova til dagens forhold framfor å avskaffe det. Kommunen meiner det er fornuftig med ein gjennomgang og ei tilpassing av lovverket til dagens utfordringar.

Dersom De ynskjer fleire opplysningar i saka, kan De ta kontakt med underteikna:

Med helsing



Elin A. Moen
seksjonsansvarleg
Interntlf. 70 20 75 32

Kopi til:

Hildre og Vatne
bondelag og Haram
sau og geit
Ytre Haram Bondelag

v/Connie Hansen
Bjørnøy

6293 LONGVA

Landbruks- og matdepartementet

Vår ref.
15/304/V62/EAM

Dykkar ref.

Dato:
14.01.2015

Høyring - konsesjonslov og buplikt -førebels uttale frå Haram kommune

Saka skal behandlast i kommunestyret 22.01.15. Uttalen frå kommunestyret vert ettersendt.

Haram formannskap har i møte 13.01.15, f.sak 3/15 vedteke følgjande uttale:

FS-003/15 Tilråding:

Haram formannskap meiner at konsesjonslova hindrar omsetnad av landbrukseigedomar, og at lova fører til unødig byråkrati og saksbehandling i kommunane. I tillegg er unntaka frå lova blitt så mange at det i seg sjølv er argument for oppheving.

For Haram kommune vil ei oppheving av konsesjonslova medføre ei forenkling av forvaltninga.

Ei oppheving av konsesjonslova vil styrke den private eigedomsretten, samt gjere det enklare å få omsett eigedom mellom private.

Haram kommune stør Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om oppheving av konsesjonslova.

Behandling i Formannskapet den 13.01.2015:

Formannskapet vedtok at saka skal leggst fram for kommunestyret. Uttalen frå kommunestyret vert ettersendt til Landbruks- og matdepartementet.

Svein Harsjøen, FRP sette fram slikt framlegg:

Haram formannskap meiner at konsesjonslova hindrar omsetnad av landbrukseigedomar, og at lova fører til unødig byråkrati og saksbehandling i kommunane. I tillegg er unntaka frå lova blitt så mange at det i seg sjølv er argument for oppheving.

For Haram kommune vil ei oppheving av konsesjonslova medføre ei forenkling av forvaltninga.

Ei oppheving av konsesjonslova vil styrke den private eigedomsretten, samt gjere det enklare å få omsett eigedom mellom private.

Haram kommune stør Landbruks- og matdepartementet sitt forslag om oppheving av konsesjonslova.


Ved røysting vart framlegget sett fram av S. Harsjøen tilrådd med 5 mot 4 røyster for framlegget frå rådmannen.

Framlegg frå Rådmannen:

Haram kommune tilrår at konsesjonslova og dens bestemmelser knytta til erverv av landbrukseigendomar oppretthaldast. Eigar- og bruksstrukturen i landbruket er viktig for framtidig matproduksjon og ein heilheitleg forvaltning av arealressursane. Bestemmelser i plan- og bygningslova og jordlova ivaretek ikkje desse omsyna på same måte.

Haram kommune trur det er betre å tilpasse konsesjonslova til dagens forhold framfor å avskaffe det. Kommunen meiner det er fornuftig med ein gjennomgang og ei tilpassing av lovverket til dagens utfordringar.

Med helsing



Elin A. Moen
seksjonsansvarleg

Interntlf. 70 20 75 32